

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestlandsrådet	7/26	09.06.26

Oppfølging av næringsstrategien

Forslag til vedtak

Vestlandsrådet vedtek handlingsprogram for oppfølging av næringsstrategien for perioden 2026–2027 slik det går fram av saka.

Samandrag

På møte i Vestlandsrådet, 13.november 2025, vart det vedteke at prosjektleiarstillinga for Vestlandsrådet sitt næringsarbeid ikkje vert vidareført, og at rådet sitt arbeid på næringsområdet skal ivaretas av dei respektive fylkeskommunane sine relevante fagavdelingar, i samarbeid med rådets sekretariat.

Vestlandsrådet AU handsama 12.03.2026 sak om oppfølging av næringsstrategien, der dette vart fastsett som eit hovedtema på Vestlandsrådet sitt møte, 09.juni i Ålesund. Og at oppfølginga skulle omfatte forslag til eit handlingsprogram for perioden 2026-2027, samt opplegg for organisering av administrative ressursar for tilrettelegging og gjennomføring.

Fylkesdirektøren legg med denne saka fram forslag til handlingsprogram og vidare organisering av arbeidet.

Robert Rastad
fylkesdirektør

Bård Sandal
direktør
avdeling for næring, plan og innovasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestlandsrådet vedtok i sak PS 16/24 (10.04.2024) å spisse næringsstrategien til tre prioriterte områder:

- fornybar energi, energiberarar og infrastruktur
- reiseliv og mat med fokus på lokal produksjon
- havbaserte næringar – grøn skipsfart og sjømatnæringane

Prioriteringane er vidare forankra i politisk plattform Vestlandsrådet 2024–2027.

I møte 13.11.2025 vedtok Vestlandsrådet følgjande:

«Vestlandsrådets næringsarbeid skal framover ivaretas av de tre fylkeskommunenes relevante fagavdelingar, i samarbeid med rådets sekretariat. Prosjektlederstillingen videreføres ikke.»

Vestlandsrådet AU handsama 12.03.2026 sak om oppfølging av næringsstrategien, der det vart lagt til grunn at dette vert eit hovedtema på Vestlandsrådet sitt møte, 09.juni i Ålesund. Og at oppfølginga skulle omfatte forslag til eit handlingsprogram for perioden 2026-2027, samt opplegg for organisering av administrative ressursar for tilrettelegging og gjennomføring.

Denne saka legg fram forslag til handlingsprogram og vidare organisering av arbeidet.

Vestlandsrådet si rolle som landsdelsorgan

Som samarbeidsorgan for landsdelen har Vestlandsrådet eit anna handlingsrom for oppfølging av satsingsområder og strategiar, enn det den enkelte fylkeskommune har.

Innanfor næringsområdet er det den enkelte fylkeskommune som gjennomfører regional planlegging, tildeling av midlar, forvaltning av eigarskap, inngår i partnerskap osv.

Vestlandsrådet har eit anna handlingsrom der særleg tre forhold definerer organet som samarbeidsorgan:

1. Påvirkningsorgan inn mot nasjonale rammevilkår og verkemiddelapparatet med særskilt betydning for felles næringsutvikling på Vestlandet.
2. Organ for koordinering og mobilisering for felles næringsutvikling på Vestlandet (t.d. eigarskap, lokalisering, næringsklynger osv.)
3. Organ for læring og erfaringsutveksling på tvers av fylkesgrensene (beste praksis).

Næringsstrategien til Vestlandsrådet er i stor grad samanfallande med næringsstrategiar i dei enkelte fylka i landsdelen. Som tidlegare omtalt har den enkelte fylkeskommune eit anna handlingsrom med andre verkemiddel og verktøy for arbeid med næringsutvikling og oppfølging av næringsstrategiar.

Kvar for seg arbeider dei tre fylkeskommunane med tiltak og satsingar som støttar opp under dei prioriterte områda i næringsstrategien. Dette gjeld mellom anna arbeid innan grøn omstilling, maritim utvikling, reiseliv, lokal matproduksjon, kompetanse og næringsretta infrastruktur.

Eit forslag til handlingsprogram for Vestlandsrådet si oppfølging av næringsstrategien med aktivitetar og tiltak, må derfor ta utgangspunkt i det som kjenneteiknar rådet som samarbeidsorgan på tvers av fylkesgrensene.

Aktuelle satsingar og strategiske prioriteringar

Innanfor dei tidlegare vedtekne prioriterte satsingane i næringsstrategien (fornybar energi, energibælarar og infrastruktur, reiseliv og mat med fokus på lokal produksjon og havbaserte næringar – grøn skipsfart og sjømatnæringane), vil det vere fleire tema og problemstillingar som kan konkretiserast vidare i eit handlingsprogram.

- Utfordringar for sjømat- og oppdrettsbransjen – berekraftig utvikling, rammevilkår og tilvekst av nye næringar.
- Felles kunnskapsgrunnlag og utvikling av framtidens reiseliv på tvers av fylkesgrensene.
- Kraftsituasjonen på Vestlandet, inkludert behov for auka kraftproduksjon, nettutvikling og betre infrastruktur.
- Kompetanseutvikling og felles behov for auka rekruttering til yrkesretta utdanning.
- Rammevilkår for internasjonalt samarbeid og prosjektaktivitet.

Punkta over er ikkje nødvendigvis uttømmende, men vil etter fylkesdirektøren sitt syn utgjere eit tilstrekkeleg grunnlag for å peike på aktuelle aktivitetar og tiltak for vidare oppfølging i eit handlingsprogram. Her vil og Vestlandsrådets prioriteringar sette opp kursen for det vidare arbeidet.

Handlingsplan 2026–2027

Som oppfølging av næringsstrategien, vert det for perioden 2026–2027, foreslått følgjande aktivitetar i regi av Vestlandsrådet.

- Våren 2026: Felles presentasjon av kunnskapsgrunnlag for framtidens reiseliv på Vestlandet.
- Arendalsveka 2026: «Havregionen Vestlandet si rolle i framtidens matberedskap» og «Hva skal til for å få fart på Vestlandsvegen E39?». Dette er arrangement i regi av Vestlandsrådet, jfr eigen referatsak.
- Hausten 2026: Arrangement knytt til kraftsituasjonen og kraftutsiktene på Vestlandet i samband med Vestlandsrådet sitt møte i Rogaland hausten 2026. Målet er å synleggjere næringslivet sitt kraftbehov og i kva grad og på kva måte dette blir møtt med tilgang på kraft. Kunnskapsgrunnlag for å påverke Stortinget si handsaming av rammevilkår for krafttilgang som ligg i statsbudsjettet for 2027.
- Hausten 2026: Førebu eventuelle innspel frå Vestlandsrådet til statsbudsjettet 2027 på næringsområdet.
- Våren 2027: Det er ikkje lagt konkrete planar for aktivitetar i 2027 per no, men dette vil presenterast for Vestlandsrådet i eit møte seinare dette året.

Administrative ressursar

Det er etablert ei administrativ arbeidsgruppe for oppfølging av næringsstrategien, med ein representant frå kvar fylkeskommune. Gruppa består av:

- May Endresen, seksjonssjef næring, Rogaland fylkeskommune

- Audun Erik Sunde, seniorrådgjevar, Vestland fylkeskommune
- Thomas Finnøy, rådgivar næringsliv, Møre og Romsdal fylkeskommune

Gruppa har hatt ansvar for å skissere opplegget i saksframlegget for vidareføring av arbeidet med næringsstrategien i tråd med vedtaket i Vestlandsrådet 13.11.2025. Arbeidet har vore innretta mot Vestlandsrådet si rolle som samarbeidsorgan på tvers av fylkesgrensene, og med tanke på ei mogleg oppfølging innanfor eksisterande administrative rammer.

Konklusjon

Fylkesdirektøren legg fram forslag til handlingsprogram for oppfølging av næringsstrategien i tråd med Vestlandsrådet si rolle som samarbeidsorgan på tvers av fylkesgrensene, og innanfor dei administrative ressursane som er sett av til Vestlandsrådet.

Kvar for seg arbeider dei tre fylkeskommunane med tiltak og satsingar som støttar opp under dei prioriterte områda i næringsstrategien. Dette gjeld mellom anna arbeid innan grøn omstilling, maritim utvikling, reiseliv, lokal matproduksjon, kompetanse og næringsretta infrastruktur.

Så vil i tillegg Vestlandsrådet ivareta ei viktig rolle som påverknadsorgan mot statlege styresmakter og andre eksterne aktørar, samt koordinering og kunnskapsdeling mellom fylkeskommunane.

Fylkesdirektøren vil og peike på at effektive kommunikasjonar har stor betydning for å skape felles bu- og arbeidsmarknader og gjere Vestlandet til eit attraktiv landsdel. Vestlandsrådet har eit stort engasjement i utviklinga av E39 Vestlandsvegen, som i seg sjølv er ein avgjerande føresetnad for næringsutvikling langs vestlandet. Arbeidet med å få synleggjort og prioritert denne vegstrekinga inn mot Nasjonal transportplan 2029-2040, kjem naturlegvis i tillegg til dei aktivitetane som er foreslått for oppfølging av næringsstrategien i denne saka.